



Meistring og deltaking – heile livet

Korleis fremma meistring og deltaking?

Framtidsretta og gode omsorgstenester med bruk av teknologi.

Prosjektskisse

Mars 2015



Bakgrunn


Helse- og omsorgstenestene i Vaksdal kommune går inn i økonomiplanperioden 2015 – 2018 med ei klar målsetning om å vri tenestene over mot meir helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande tiltak. Grunnane for dette er både faglege og økonomiske. Kommunen står framfor store utfordringar i åra framover, og ein må ta grep for å få betre samsvar mellom rammer og drift. Meir satsing på tenester lenger nede i omsorgstrappa vil vera økonomisk gunstig samstundes som det er i tråd med tilrådingar frå fagfeltet, kommunale planar og nasjonale føringer.

Samhandlingsreforma har klare intensjonar om meir satsing på førebygging og rehabilitering, og aktuelle NOU-ar og stortingsmeldingar ber bod om at helse- og omsorgstenestene må tenkja nytt og vurdera nye metodar. «Tjenestene må i større grad legge vekt på aktiv omsorg, forebygging og rehabilitering, og utfordre til å ta i bruk ny teknologi og nye arbeidsmetoder.» (Meld. St. 29). I morgondagen sine omsorgstenester vil målretta bruk av teknologi kunne opna for nye mogelegheiter og metodar. Og betre tilrettelagde bustadar og omgjevnader vil saman med teknologi og nye faglege metodar gi folk mogelegheit til å delta i kvardagen og meistra dei daglege gjeremål meir sjølvstendig enn tidlegare.

Vaksdal kommune har i gjeldande økonomiplan tatt strategiske val for framtidens helse- og omsorgstenester. Kommunen ønskjer å utvikle eit bærekraftig og moderne tenestetilbod tufta på førebygging og rehabilitering, meistring og deltaking for den enkelte. Det er igangsett arbeid med ny kommunedelplan helse og omsorg som erstattar tidlegare omsorgsplanar.

Endringane krev kompetanseheving og holdningsendring, ikkje berre hjå leiarar og andre tilsette, men også hjå brukarar, pårørande, innbyggjarar og politikarar. Me har gjort følgjande:

- Jobba målretta med kompetanseheving gjennom å følgja kompetanseplanen og nytta dei mogelegheiter som byr seg. Aktuelle dagskurs, deltaking i nettverk (t.d. innan folkehelse og etikk), ei stor tverrfagleg gruppe har fullført og er i gang med kursrekkja i helsepedagogikk i regi av Haukeland / Haraldsplass. To tilsette i heimetenesta tok hausten 2014 vidareutdanning i omsorgsteknologi ved Høgskolen i Bergen.
- Hatt temaet oppe på mange politiske møte og i Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Etter at me fekk Levekårsutval i 2014, har det vore tema på fleire møte der.
- Me jobbar no med kommunedelplan helse og omsorg. Førebygging, tilrettelegging, rehabilitering og bruk av teknologi er tema der.






- Heimetenesta har tatt i bruk mobile løysingar for å effektivisere arbeidsprosessar og sikre oppdatert informasjon om brukar
- Nytt alarm – og varslingsystem og nye moderne telefoni er tatt i bruk på sjukeheimane
- I februar 2015 starta me opp med kvardagsrehabilitering i kommunen.
- Kommunen har tatt store løft på IKT dei siste åra og har no fleire tilsette med mykje kompetanse innan IKT. Me er med i IKT Nordhordland som består av 9 kommunar. Kommunane samarbeider om drift gjennom Iktnh og har felles IKT strategi og tilsett leiar.

Vaksdal kommune

Vaksdal kommune har om lag 4 100 innbyggjarar, og er ein stor kommune i areal med lange avstandar mellom fleire av bygdene i kommunen. Samanlikna med fylket og resten av landet har kommunen mange eldre og mange av dei eldste eldre. I 2012 var 8,23 % av innbyggjarane over 80 år. No går dette talet noko nedover. I 2015 er 7,8 % over 80 år, og etter prognosane har kommunen færrest av dei eldste eldre i 2025 med 6,6 % over 80 år. Deretter går tal eldste eldre oppover att, og i 2040 skal det etter prognosane vera 8,6 % av dei over 80 år. Det er også verdt å merka seg at dei i aldersgruppa 67 – 79 år vert fleire i åra framover, frå 495 innbyggjarar i år til 624 i 2040. Kommunen har derfor eit stort potensiale i å satsa meir på førebygging, tilrettelegging og rehabilitering. Og me har mange aktuelle brukarar av velferdsteknologi.





Forventa effekt

Me forventar at bruk av teknologi kan gi effekt både for tenestene og kommunen, for tilsette og for brukarar av tenestene våre. Med å tilrettelegge og ta i bruk veldferdsteknologi vil brukarane kunne oppnå større grad av mestring og deltaking. Det skal i følgje forskning virka positivt inn på sjølvkjensle og livskvalitet. Dei fleste av oss ønskjer å vera mest mogeleg sjølvhjelpne. Meld. St. 29 uttrykkjer det slik: «Det er forskjell på å få tjenester for å overleve og assistanse til å leve et liv».

For dei tilsette kan det vera spanande og inspirerande å jobba målretta og ta i bruk framtidsretta metodar. Mange melder også frå om at det er givande å vera med å bidra til at brukarar vert meir sjølvhjelpne. Kommunar som har starta med kvardagsrehabilitering, melder t.d. frå om at denne metoden gir auka tilfredsheit med jobben, og at tilsette som jobbar med denne metoden ikkje vil attende til «gamlemåten» å jobba på. Me trur også at målretta bruk av teknologi kan bidra positivt til rekruttering.

I tillegg til personlege fordeler for den enkelte brukar, og for involvert personell, kan det vera store samfunnsøkonomiske gevinstar å hente ved at brukarane vert meir sjølvhjelpne. Brukarane kan bu lenger i eigen heim eller tilrettelagt bustad, ein får betre ressursutnytting og mindre trong for ordinære pleie- og omsorgstenester. Slik kan ein frigjera midlar og ressursar til andre typar oppgåver.

Overføringsverdi til andre

Erfaringar og resultat kan overførast til andre kommunar. Løysingane kan supplera andre prosjekt og utvikle nye løysingar. I første omgang til dei 9 kommunane som deltek i IKT Nordhordland, men også til andre kommunar. Problemstillinga er svært aktuell, og teknologien opnar for mange mogelegheiter, men det er viktig å utgreia desse mogelegheitene og gjera erfaringar med kva som fungerer og korleis ein kan få ut best mogeleg effekt.



Kva går prosjektet ut på?

Mål

- Meistring og deltaking – heile livet
- Mobilisera og engasjera samfunnet sine omsorgsressursar
- Framtidsretta og bærekraftige tenester
- Systematisk og kontinuerlig utvikling og innovasjonsarbeid

Satsingsområde

1. **Ressursenter for demens på Vaksdal** - demenssenter med eige «minibygd» med bustader, aktiviteter/trening, underhaldning, dagsenter, hage med dyr, roleg tun m.m i samarbeid mellom kommune, frivillige, lag og organisasjonar, pårørande m. fl.

Her vil me utvikla/ta i bruk moderne teknologi som støtter opp om eit slikt ressursenter og minibygd, mellom anna avanserte tryggleiks- og varslingsystem, aktiviseringsløysingar for bebuarar og dagbrukarar, underhaldningstilbod med vidare. Gjennom innovative anskaffingar ønskjer me å bidra til å utvikla/vidareutvikla og bruka teknologiske løysingar til slike formål.

Bakgrunn:

Vaksdal sjukeheim og Jamnetunet er eit fint utgangspunkt for å utvikle eit ressursenter for demens. Her er eit fint uteområde med god utsikt, og det er hønsehus i hagen og katt på avdelinga. Det ligg til rette for å laga eit tun eller ei lita «minibygd» rundt Jamnetunet og Vaksdal sjukeheim der me kan få tilrettelagt butilbud.

Kommunen har i 2014 investert i nye alarmsystem og telefonisystem som tilrettelegging for tilknytning til moderne velferdsteknologiske løysingar.

Spørsmål me har stilt oss: Korleis kan moderne velferdsteknologi støtta opp om eit slikt ressursenter eller «minibygd»? Kva finst av varslingsystem inne og ute som kan tryggja ferdsel? Kva type teknologi bør vurderast ved ombygging av aldersbustadane for at bebuarane skal kunne bu lengst mogeleg der og unngå unødig opphald på sjukeheim? Korleis kan teknologi nyttast til aktivisering og underhaldning?



2. **Helsehus på Dale** - helsehus med fokus på korttidsplassar, rehabilitering og førebygging.

Omsorgsbustadar i deler av bygget og tilrettelagt for dagsenter og opplæring.

Bruk av moderne teknologi vil vera ein føresetnad for å lukkast fullt ut med behandlingssløpet og styrka tilbakeføring til egen heim.

Her vil me etablere ein **Brukarlab** der brukarar skal få testa ut og læra å bruka teknologi til bruk i heimen. Teknologi skal bidra til aktivisering/opptrening, tilsyn, tryggleik, kontakt med omsorgspersonar/familie i eigen heim. Me vil samarbeida med og tilretteleggja for at omsorgsressursane rundt brukarane skal få nødvendig opplæring og støtte til å bistå i bruken.

Helsehuset skal samhandla tett med heimebaserte tenester om kvardagsrehabilitering, moderne tryggleikssystemer og teknologiske hjelpemiddel.

Gjennom innovative anskaffingar ønskjer me å bidra til å utvikla/vidareutvikla og bruka teknologiske løysingar til slike formål.

Bakgrunn

Daletunet er ei stor bygning med mange ulike bygningsdelar, og her er både sjukeheimsplassar og omsorgsbustadar. I tillegg er det dagsenter for heimebuande. Det er mange heimebuande med hjelpebehov som kjem innom Daletunet. I tillegg til dei som bur i omsorgsbustadane, er mange innom både på dagsenter og på korttidsavdelinga, og her er også kommunalt lager for tekniske hjelpemiddel.

Kommunen har i 2014 investert i nye alarmsystem og telefonisystem som tilrettelegging for tilknytning til moderne velferdsteknologiske løysingar.

Spørsmål me har stillt oss: Korleis kan me få moderne teknologiske hjelpemiddel i bruk i heimane i kommunen? Kva type hjelpemiddel kan vera aktuelt? Lågterskel bruk ?

Kan me ha ein brukarlab på helsehuset der aktuelle innbyggjarar / brukarar kan prøva ut hjelpemiddel eller utstyr?

Heimebaserte tenester har god erfaring med mobile løysingar. Kva anna type teknologi kan bidra til at tenestene vert meir framtidsretta? Korleis kan folk leva eit meir sjølvstendig liv i eigen heim sjølv om dei ikkje meistrar alle gjeremål? T.d. moderne tovegs kommunikasjonssystem, varslingshjelpemiddel, hjelpemiddel for trening som kan supplera trening med fysioterapeut.



Framdriftsplan

Fase 1: Forprosjekt juni 2015- juni 2016

Med ny omsorgstrapp som utgangspunkt utgreia og planleggja framtida si helse – og omsorgsteneste

- Utgreia faglege, teknologiske og økonomiske forhold knytt til satsingsområda for nye helse- og omsorgstenester i kommunen
- Setja i gang innovative anskaffingsprosessar med leverandørar av teknologiløysingar
- Etablera dialog og medverknad frå enkeltpersonar, pårørande, frivillige, lag og organisasjonar i ei tidleg planleggingsfase
- Planleggja framdrift og implementering av nye løysingar og utfasing av eksisterande

Fase 2. Implementeringsfase 2016 -2018

- Etter forprosjektet vert planane realisert i samsvar med prioriteringane.

Prosjektet er **forankra** både i politisk og administrativ leiing. Kommunestyret har vedteke budsjett for 2015 og økonomiplan 2015 – 2018. I økonomiplanperioden er det avsett 1,5 millionar til prosjekt innovasjon i omsorg. Rådmann si leiargruppe er styringsgruppe for forprosjektet.

Budsjett forprosjekt:

Utgifter:

Ressursar til administrasjon og prosjektleiing tilsvarande ei stilling	700.000
Interne/eksterne ressursar	500 000
Ressursbruk IKT	200 000
Studieturar og møteverksemd m.m.	300 000
Kompetanseheving og kurs	200 000
Innovative anskaffelsar oppstartsfase	300 000
Til saman	Kr 2 200 000

Inntekter:

Eigenfinansiering 50%	1 100 000
Søknad om støtte frå Fylkesmannen	1 100 000
Til saman	Kr 2 200 000



Litteratur og kjelder:

Helse- og omsorgsdepartementet (2011). *Meld. St. 16 (2010-2011). Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011-2015).*

Helse- og omsorgsdepartementet (2009). *Meld. St. 47 (2008-09). Samhandlingsreformen. Rett behandling – på rett sted- til rett tid.*

NOU 2011:11. *Innovasjon i omsorg.*

Vaksdal kommune. *Budsjett 2015 og økonomiplan 2015 – 2018.*

Vaksdal kommune. *Planprogram kommunedelplan helse og omsorg.*

